



Kyrkjeblad

FOR ASKVOLL

Nr. 2 Haust 2026 | 104. ÅRG.



Andakt



I dag er det tre veker til eg offisielt begynner på hovedferien min. Eg veit at når eg kjem tilbake på jobb, vert det betrakteleg meir travelt enn eg har det no. Då vert det full rull rulle med eit nytt konfirmanthull, gudsteneste med utdeling av både gripekors og 4- og 6-årsbøker, og alle andre ting som er fastsett, eller som dukkar opp undervegs. I tillegg til dette skal eg denne hausten ta 15 studiepoeng på studieinstitusjonen VID. Så eg tenkte med meg sjølv at viss eg er lur, så begynner eg allereie no å sjå på preiketekstane for hausten, og klargjer nokre preiker og andakter. Så eg tok for meg evangelieteksten for siste søndagen i august for å førebu den første andakta eg skal ha på Askvollheimen etter ferien. Akkurat den søndagen vert kalla for vingardssøndagen, og «likninga om arbeidarane i vingarden» er sett opp denne dagen.

De hugsar gjerne likninga. Vi får høyre om ein jordeigar som utover dagen hankar inn fleire og fleire arbeidarar til å arbeide på vingarden hans. Arbeidarane veit at dei får ein denar for arbeidet, men vert likevel snurt når dei som har jobba mykje på garden får akkurat same løna som dei som har jobba lite på garden. Frå eit menneskeleg perspektiv er det veldig forståeleg at dei syns det er urettferdig, men i Guds perspektiv er det viktig at vi alle vert

verdsett for jobben vi gjer for Gud, anten det er mykje eller lite. I teksten kjem det òg fram ein viktig grunn til at det er viktig: fleire av dei som vert hanka inn på slutten av dagen har ikkje blitt spurt om å jobbe fram til då. Så det var ikkje vond vilje som gjorde at dei jobba lite, dei hadde rett og slett ikkje blitt sett. Dette er noko som vi kyrkjelege tilsette bør reflektere litt over. For vi kan òg ha tankar om kven vi trur det er aktuelt å spørje om å hjelpe til med ting eller ikkje. Så kan det godt vere at vi hoppar over personar som gjerne hadde sagt ja berre vi hadde spurt dei.

Det som er så fint med denne likninga, som eg nok ein gong vil understreke, er at all innsats vert verdsett. Det er noko å tenke på om det er slik at ein føler at «jammen dette var ikkje så mykje». I år har kyrkja lagt opp til dugnad rundt omkring på kyrkjegardane, og vi set pris på alle som har delteke på dei! Vi tilsette i kyrkja set både pris på folk som dukkar opp på dugnad, og alle som hjelper til i kyrkja elles i året!

Eg vil avslutte denne teksten med eit bilete frå dei som deltok på dugnad i Holmedal.

Takk for innsatsen!

Ragnhild Stav

Ny struktur for kyrkjemusikk og undervisning i Askvoll

Frå 1. juni 2026 har Askvoll sokn teke eit viktig steg i utviklinga av kyrkjelydsarbeidet. Kantor Sabina Baylarbayova har då gått inn i ei fast 100% stilling, og har samstundes fått ansvar også for det som tidlegare vart kalla trusopplæring – no kyrkjeleg undervisning og læring. Dette markerer ei tydeleg satsing på å styrkje og samle arbeidet innan musikk, undervisning og læring i kyrkja.

Nytt utval

Endringa i stillingsstruktur har naturleg ført til ei ny organisering også av utvalsarbeidet. Askvoll sokn har tidlegare hatt to separate fagutval: eitt for kyrkjemusikk og eitt for trusopplæring. No er desse slegne saman til eitt felles utval – LUM-utvalet (læring, undervisning og musikk).

Bakgrunnen er samansett:

- Den same tilsette har no ansvar for begge fagområde
- Ein ønskjer mindre dobbeltarbeid og meir effektiv møteverksemd
- Den norske kyrkja legg vekt på heilskapleg planlegging av kyrkjelydslivet
- Det gir betre samordning av ressursar og aktiviteter

Ved å samle arbeidet i eitt utval, legg ein til rette for betre samanheng mellom tiltak, og eit meir samla og målretta kyrkjelydsarbeid.

LUM-utvalet i arbeid

LUM-utvalet har ei sentral rolle som fagleg støttespelar og pådrivar i kyrkjelyden. Utvalet har konstituert seg med Rune Ziener som leiar og Oddgunn K. Grane som nestleiar, og kantor er fast sekretær. Oppgåvene er mellom anna å arbeide med og vidareutvikle lokale planar for kyrkjemusikk og kyrkjeleg læring og undervisning.

Utvalet er allereie godt i gang med arbeidet. På første møte vart det utarbeidd forslag til aktivitetsplan for hausten 2026.

Kantoren si nye rolle

Med den nye 100% stillinga får kantoren eit utvida og meir samanhengande ansvar. I tillegg til dei tradisjonelle oppgåvene innan kyrkjemusikk, omfattar stillinga no også arbeid med kyrkjeleg undervisning og læring – tilsvarende om lag 20% av stillinga. Det betyr i praksis at kantoren:

- planlegg og gjennomfører tiltak for barn, unge og familiar

- utviklar og følgjer opp undervisningsarbeidet i kyrkja
- har ansvar for å samordne musikk og læring i kyrkjelyden

- bidreg fagleg inn i LUM-utvalet sitt arbeid

Ordninga bygger på gode erfaringar frå dei siste åra, der delar av dette arbeidet allereie har vore lagt til kantoren medan kyrkjelydspedagogstillinga har vore vakant.

Ei framtidsretta satsing

Den nye organiseringa er både ei praktisk og strategisk løysing. Etter fleire forsøk på å etablere felles kyrkjelydspedagogstilling saman med nabo-sokn, har ein valt ei lokal løysing som ein meiner er både berekraftig og framtidsretta.

Med ein samla ressurs og eit felles fagutval ligg forholda godt til rette for:

- betre samanheng i aktivitetane
- tydelegare prioriteringar
- sterkare fagleg utvikling
- ein meir levande kyrkjelyd

Med LUM-utvalet på plass og styrkt stillingsressurs, er målet klart: eit meir samanhengande, inkluderande og levande kyrkjeliv for alle aldersgrupper i Askvoll.

Rune Ziener



Det nye LUM-utvalet samla til konstituerande møte. Utvalet består av Sabina Baylarbayova, Rune Ziener, Ragnhild Stav og Oddgunn K. Grane (bak), samt Michalina Sroga, Vlada Fristad og Silje Furnes Solheim (framme). Foto: Ayan Baylarbayova

Det skjer for born og unge i haust

Knøttekor, babysong og småbornssong

Det var mange små born som var først var på babysong og deretter på småbornssong (1-3 år). Nokre av foreldra ønska seg også fleire tiltak som dei kunne vere med frå hausten. Og det er spesielt viktig, fordi vi hadde ikkje noko musikkaktivitetar for born mellom 4 og 6 år. Borna får tilbud frå kulturskulen når dei begynner på skulen, men ikkje før.

Då fant vi ut at vi kan starte «Knøttekor», eit fint tilbud for alle born frå 4-6 år i Askvoll sokn.

Askvoll sokn er geografisk veldig «stort», so det er veldig vanskeleg å setje opp tilbod alle tiltak på alle plassar. Difor må vi bli flinke å bevege oss, ta ferje, køyre bil for å samle oss på Askvollheimen for babysong, småbornssong og Knøttekoret. Det er plass og tid då generasjonane møtast!

Det er mange familier som har born på forskjellige alder, so det blir vanskeleg for dei å vere med på alle aktivitetar. So difor kan dåke velge den aktiviteten som passar for heile familien. F.eks. visst det er ein av borna er 2 og den annen er 4 år, og det er umulig å vere på både småbornssong og knøttekor, dåke kan velge ein av dem. Eller dåke kan vere på begge om dåke vil og det passar.

Småbornssong og Knøttekor blir på same dag, ein laurdag i månaden. Vi startar med småbornssong kl. 10.30 og kl. 11.30 tar eg imot born frå 4-6 og vi skal kose oss med songane og bevegelser.

Sabina Baylarbayova



Babysong på Askvollheimen onsdagar kl. 10:30

Onsdag	19. aug.	Onsdag	28. okt.
Onsdag	9. sep.	Onsdag	11. nov.
Onsdag	23. sep.	Onsdag	25. nov.
Onsdag	14. okt.	Onsdag	9. des.

Småbornssong og Knøttekor på Askvollheimen laurdagar kl. 10:30 og 11:30

Laurdag	29. aug.	Laurdag	24. okt.
Laurdag	19. sep.	Laurdag	21. nov.

Undringstime

Ein halvtime før gudstenestene med utdeling av 4- eller 6-årsbok, eller gripekors til 5-åringane blir det undringstimer.

I år skal vi snakke om nattverden og synge eit par songar. Etter gudstenesta blir det kyrkjekaffi med noko godt å bite i.

Velkommen til undringstime

Søndag	6. sep.	Kl. 09:45	Bulandet kapell
Søndag	27. sep.	Kl. 10:30	Askvoll kyrkje
Søndag	27. sep.	Kl. 13:00	Vilnes kyrkje
Søndag	25. okt.	Kl. 10:30	Holmedal kyrkje
Søndag	25. okt.	Kl. 13:30	Kvammen kapell



Julekoret



I fjor haust hadde vi prosjektkor for born frå 8-10 år. Det var ikkje veldig mange som var med, men vi hadde seks øvingar før koret deltok på lysmessa og julekonserten i Askvoll kyrkje.

So hadde vi nokre øvingar i vår, og dei flinke borna frå koret deltok med korsong, solosong, speling på treksPELL, tekstlesing osv. på barne-festivalgudstenesta og påskedagsgudstenesta.

I år tenkjer vi rett og slett å kalle prosjektkoret JULEKORET, med tydeleg forklaring for kva det høyrer til. Og i staden for å spre øvingane til fleire månader vil vi ha intensivt intensivt, kvar tysdag i november, då blir vi klar til lysmessa og julekonserten.

Tilbodet er no for born frå 7-12 år med von at det blir fleire med denne gongen.

Julekoret øver i Askvoll kyrkje

Tysdag	03. nov.	Kl. 16:00	Tysdag	17. nov.	Kl. 16:00
Tysdag	10. nov.	Kl. 16:00	Tysdag	24. nov.	Kl. 16:00



Julevandring



Julevandringa i fjor i Askvoll og Holmedal kyrkje var veldig suksess, vi fekk mange gode tilbakemeldingar frå dei tilsette og barnehageborna.

Vi tenkte å ha det som fast tradisjon. I år vil vi også ha julevandring i Kvammen kapell for Gjelsvik barnehage også.

Engleverkstad

Før lysmessa i Vilnes, Askvoll, Kvammen og Bulandet vert 7-åringane inviterte til engleverkstad. Vi øver på julesongar, tenner lys og lagar engel.

Born frå Holmedal blir inviterte til Askvoll. Vi dropper engleverkstad i Holmedal, pga dei har tradisjon å ha lysmessa og basar same dag, so det kunne vert alt for mange arrangement same dag.

Engleverkstad

Søndag	22. nov.	Kl. 10:00	Vilnes kyrkje
Søndag	27. nov.	Kl. 13:00	Askvoll kyrkje
Søndag	27. nov.	Kl. 10:00	Kvammen kapell
Søndag	25. des.	Kl. 09:30	Bulandet kapell



Sunnfjord Gravferdsbyrå

Vi vil på beste måte hjelpe dykk som pårørende, med alt som høyrer ei verdig gravferd til.

Blomstertorget A/S

Dale Senter • 6963 Dale i Sunnfjord

Telefon 57 73 98 00 • Mobil 975 21 569

www.blomstertorget.no



NÅR DU MISTER EIN DU ER GLAD I

Å ta kontakt med eit gravferdsbyrå for å få råd om vegen vidare kan vere ein god måte å starte prosessen. Vi ønskjer å stå til teneste med råd, rettleiing og praktisk hjelp i planlegging av gravferda. Vi kan kontaktast alle dagar, heile døgnet.

FLORØ

Døgnbemanna telefon: 57 74 31 36
Markegata 42, 6905 Florø
E-post: post@fjordan.no

FØRDE

Døgnbemanna telefon: 57 82 70 30
Lindbøen 2, 6809 Førde
E-post: post@fjordan.no

www.fjordan.no



Konfirmantane i Askvoll 2026



Askvoll kyrkje (26. april)

Frå venstre: Håvard Ådlandsvik, Nathalie Linèa Kilnes Frøholm, Alfred Frøholm Klausen, Åsmund Rege Fjermestad, Ragnhild Stav, Kristian Hansen Dalsøren, Lucas Moldestad Johansen, Albert Helle Lindenskov

Foto: Arvid Johansen



Bulandet kapell (2. mai)

Nede frå venstre:

Ragnhild Stav, Jonathan Hillersøy, Amalie Halsøy, Elena Fedøy Norheim, Arian Tuan Kjæmpenes

Oppe frå venstre: Erik Fedøy, Isak Andreas Fedøy Nikøy, Olivia Nótt Fedøy



Holmedal kyrkje (25. april)

Frå venstre: Ragnhild Stav, Isak Mjanger Furevikstrand, Mali Mjanger Furevikstrand, Tiril Rivedal Åsnes, Maria Mjanger Furevikstrand

Oppe frå venstre: Aksel Ryland, Ingrid Oline Stenseth-Langeland, Tonje Wik-Tønder, Embrik Haga Fridtun, Tarjei Vårdal Nesberg, Olai Sagosen Haugsvær



Værlandet bedehuskapell (2. mai)

Frå venstre: Saga Leonora H. Landøy, Ragnhild Stav, Jan Semcenko



Vilnes kyrkje (25. april)

Frå venstre: Ragnhild Stav, Sofie Mjåseth Hårklau, Hedda England, Vilja Vines



Kvammen (3. mai)

Frå venstre: Tilde Aalen, Rebekka Kvalheim, Pernille Larsen Gjelsvik, Tea Langeland Hegrenes, Lone Hestvik Osland, Nathalie Hestvik Såtendal, Karoline Veiesund, Ragnhild Stav

Oppe frå venstre: Johannes Reiakvam Kvammen, Ola Unemo, Tim Langeland Hegrenes

Foto: Anders Alvaro Gjengedal Nydal

Velkommen til gudsteneste



ASKVOLL KYRKJE

Søndag 30. august kl. 14.00

Gudsteneste
Konfirmantpresentasjon
Offer til Askvoll kyrkje

Søndag 27. september kl. 11.00

Familiegudsteneste, Utdeling av bok og gripekors til 4- 5- og 6-åringane
Offer til kyrkjelydens misjonsprosjekt

Søndag 11. oktober kl. 14.00

Gudsteneste, Offer til TV-aksjonen.
Flyktningehjelpen

Søndag 1. november

Helgemesse
Vi minnst våre døde

Søndag 22. november kl. 14.00

Lysmesse
Offer til Askvoll kyrkjegard

Søndag 13. desember kl. 18.00

Gudsteneste
Offer til Laurdagsklubben



HOLMEDAL KYRKJE

Søndag 23. august kl. 14.00

Gudsteneste med konfirmantpresentasjon
Offer til kyrkjebladet

Søndag 25. oktober kl. 11.00

Familiegudsteneste, Utdeling av bok og gripekors til 4- 5- og 6-åringane
Offer til Yngres i Holmedal

Søndag 6. desember kl. 15.00

Gudsteneste
Offer til Holmedal kyrkjegard



VILNES KYRKJE

Søndag 30. august kl. 11.00

Gudsteneste med konfirmantpresentasjon
Offer til Askvoll kyrkje

Søndag 27. september kl. 13.30

Familiegudsteneste
Utdeling av bok og gripekors til 4- 5- og 6-åringane
Offer til TV-aksjonen. Flyktningehjelpen

Søndag 22. november kl. 11.00

Lysmesse
Offer til kyrkjebladet



BULANDET KAPELL

Søndag 9. august kl. 10.15

Gudsteneste
Offer til trusopplæringa

Søndag 6. september kl. 10.15

Familiegudsteneste, Utdeling av bok og gripekors til 4- 5- og 6-åringane
Offer til kyrkjelydens misjonsprosjekt

Søndag 11. oktober kl. 10.15

Gudsteneste, Offer til TV-aksjonen.
Flyktningehjelpen

Søndag 6. desember kl. 10.15

Gudsteneste
Offer til Bulandet kapell



KVAMMEN KAPELL

Søndag 23. august kl. 11.00

Gudsteneste
Konfirmantpresentasjon
Offer til Kvammen kapell

Søndag 25. oktober kl. 14.00

Familiegudsteneste
Utdeling av bok og gripekors til 4- 5- og 6-åringane
Offer til trusopplæringa

Søndag 29. november kl. 11.00

Lysmesse
Offer til Redd Barna

VÆRLANDET BEDEHUSKAPELL

Søndag 30. august kl. 10.30

Gudsteneste

Søndag 1. november kl. 10.30

Gudsteneste

Søndag 13. desember kl. 15.00

Lysmesse

Sjå oppdaterte
gudstenestelister på:
kirken.no/askvoll

Kyrkjelege handlingar

GRAVLAGDE

BULANDET

28.04.2026 Bjørg Marion Taftø Norstrand f. 1934

HOLMEDAL

18.05.2026 Målfrid Steinde Hellest f. 1940

ASKVOLL

21.03.2026 Randi Loftheim Strømmen f. 1930
27.03.2026 Klara Lovisa Johanna Rusnes f. 1937
27.03.2026 Harald Agnar Ask f. 1955
13.04.2026 Kjellfrid Veka f. 1945
14.05.2026 Dag Torfinn Bentås f. 1936
28.05.2026 Liv Marit Smelvær f. 1935
19.06.2026 Svein Johan Grimelid f. 1948
09.07.2026 Roald Henning Olsen f. 1944

GJELSVIK

18.01.2026 Milda Russnes f. 1933
22.01.2026 Ludvig Arne Åsen f. 1934
02.02.2026 Tora Gjelsvik f. 1918

VILNES

26.01.2026 Bjarte Siljander f. 1970
12.05.2026 Eli Margrete Mjåset f. 1942
23.05.2026 Falk Melchior Vilnes f. 1938

STONGFJORDEN

11.04.2026 Arne Stang f. 1948

VIGDE

KVAMMEN

04.01.2026 Bodil Helen Fauske og Eirik Aalen
29.03.2026 Tale Anni Larsen og
Pål Jonas Eimhjellen Mundal

ASKVOLL

06.06.2026 Kamilla Follevåg og
Magnus Espeseth Kaslegard

VILNES

06.06.2026 Amalie Myrmel og Martin Hugøy
27.06.2026 Åse Pettersen og Arvid Åmodt

DØYPTE

ASKVOLL

05.04.2026 Felix Eidem Alsaker
28.06.2026 Brage Fristad Haaland

HOLMEDAL

22.03.2026 Mathea Enstad Walum

BULANDET

05.04.2026 Olai Sandøy Torvanger
07.06.2026 David Hillersøy

KVAMMEN

29.03.2026 William Larsen-Mundal
21.06.2026 Eirik Gjelsvik, døpt i Naustdal kyrkje



DU HUGSA Å MELDE DEG PÅ?

PÅMELDING PÅ:

WWW.KYRKJA.NO/ASKVOLL



Returadresse: Askvoll kyrkjekontor, Boks 14, 6988 Askvoll



Dåp
– ein god start på livet

Vi får ikkje lenger informasjon om nyfødde barn. Difor får vi ikkje sendt ut dåpsinvitasjon til nybakte foreldre, slik vi gjorde før.

Ta kontakt om du ynskjer dåp!
Send epost til post.askvoll@kyrkja.no, eller ring mobilnr. 918 74 724


DEN NORSKE KYRKJA
Askvoll sokn



DEN NORSKE KYRKJA Askvoll



KYRKJEVERJE
Rune Ziener
✉ rz459@kyrkja.no
☎ 479 63 319



KYRKJESEKRETÆR
Hildegunn Hellest
✉ sekretaer.askvoll@kyrkja.no
☎ 918 74 724



PREST
Ragnhild Stav
✉ rs532@kyrkja.no
☎ 909 67 627



KANTOR
Sabina Baylarbayova
✉ sb963@kyrkja.no
☎ 930 81 399

TID FOR TRU

I 2021-2022 samarbeida Fjaler, Hyllestad og Askvoll om konseptet «tid for tru».

Dette konseptet har vi lyst til å løfte fram igjen, no med prestane i Fjaler og Askvoll i spissen, og sokneråda som arrangørar.

På desse kveldssamlingane er det først ei innleiing om eit tema, etterfulgt av ein samtale.

Det vert enkel servering.
Tema for samlingane er ikkje sett endå.

Samlingane er torsdagar kl. 19.00-21.00
desse datoane:

17. september Askvoll
05. november Dale
04. februar Askvoll
08. april Dale

vipps

Betal gjerne kyrkjebladet på Vipps til

692979

Rettleiande kr 300,-

ASKVOLL KYRKJEKONTOR

Postboks 14, 6988 Askvoll
Askvollvegen 398, 6980 Askvoll
Telefon: 918 74 724 · E-post: post.askvoll@kyrkja.no
Heimeside:
Facebook: www.facebook.com/kyrkjaiaskvoll.

Kyrkjebladredaksjonen:

Rune Ziener (ans. red.), Hildegunn Hellest

Leiar Askvoll sokneråd: Wenche Ness Gabrielsen, tlf. 906 07 728

Org.nr. 976 996 267 • Bankkonto: 3740.15.57696

